

FOR 1993-09-20 nr 900: Forskrift for fylkeslandbruksstyra.

DATO:	FOR-1993-09-20-900
DEPARTEMENT:	LMD (Landbruks- og matdepartementet)
AVD/DIR:	Landbruksavd.
PUBLISERT:	Avd I 1993 1012
IKRAFTTREDELSE:	1993-09-20
SIST-ENDRET:	
ENDRER:	FOR-1989-01-02-145
GJELDER FOR:	Norge
HJEMMEL:	LOV-1955-03-18-2-§8, FOR-1980-12-12

INNHOLD

Forskrift for fylkeslandbruksstyra.

- § 1. (organisasjon)
 - § 2. (arbeidsoppgåver)
 - § 3. (møter og synfaringar m.v.)
 - § 4. (møteleiing m.v.)
 - § 5. (vedtak)
 - § 6. (innkalling av partar)
 - § 7. (førebuing av saker for fylkeslandbruksstyret)
 - § 8. (avgjerdsrett m.v. til fylkesmannen)
 - § 9. (ikraftsetjing)
-

Forskrift for fylkeslandbruksstyra.

Fastsett av Landbruksdepartementet 20. september 1993 med heimel i lov 18. mars 1955 nr. 2 om tilskiping av jordbruk (jordlova) § 8, jf. kgl.res. 12. desember 1980.

§ 1. (organisasjon)

Fylkeslandbruksstyra er statlege organ under Landbruksdepartementet.

§ 2. (arbeidsoppgåver)

Fylkeslandbruksstyra har eit særleg ansvar for sikring av landbruket sine arealressursar. Dei kan gje råd om utforminga av landbrukspolitikken.

Oppgåvene vert nærare fastsett i lover, føresegner og i vedtak gjort av overordna styresmakt.

Arbeidet skal gjerast i samsvar med dei retningslinene overordna styresmakt fastset. Arbeidet skal samordnast med samfunnsplanlegginga og forvaltninga elles.

§ 3. (møter og synfaringar m.v.)

Fylkeslandbruksstyret kan berre treffa vedtak i møte. I samråd med leiaren kan fylkesmannen kalla inn til møter og synfaringar når det er turvande eller når minst tre medlemmer krev det. Det kan gjerast vedtak om at eit utval av medlemene eller nokon frå fylkesmannen skal møta opp på synfaringar og i møte med andre organ.

Møtene kan haldast som fjernmøter etter reglane i lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) § 30 nr. 2.

Seinast ei veke før møtet skal sakliste og saksutgreiing med framlegg til vedtak sendast ut til medlemmene.

Saker utanom saklista kan handsamast dersom minst tre av medlemmene er samde om det og det ligg føre saksutgreiing som fastsett i § 7.

Fylkesmannen kan etter samråd med leiaren av fylkeslandbruksstyret fastsetje at administrasjonen skal ta synfaring i ei sak.

Dersom eit medlem av fylkeslandbruksstyret har fått særkunnskap om ei sak skal han gje underretning om dette til fylkesmannen. Nye saksopplysningar som kan ha noko å seia for resultatet i saka skal skrivast ned for bruk i styret.

Medlemene må gje varsel til fylkesmannen snarast råd dersom dei er ugilde eller ikkje kan møta, slik at varamedlem kan kallast inn.

§ 4. (møteleiing m.v.)

Er ikkje leiaren eller nestleiaren tilstades vert møteleiaren vald blant medlemmene elles. Står røystene likt gjeld regelen i § 35 i kommunelova.

For alle møter skal det først møtebok.

§ 5. (vedtak)

Vedtak vert gjort med fleirtal av dei røyster som vert gjevne. Står røystene likt, avgjer leiaren si røyst.

Fylkeslandbruksstyra er vedtaksføre når minst fire av dei sju medlemmene er tilstades.

Medlemene har plikt til å røysta. Det skal gå fram av møteboka kor mange som har røysta for dei ulike framlegga.

§ 6. (innkalling av partar)

Dersom fylkeslandbruksstyret vil kalle inn partane i ei sak, skal dette gjerast skriftleg og til vanleg minst to veker føreåt.

I innkallinga skal det seiast kva saka gjeld. Er det fleire partar i saka, skal dei kallast inn til same tid.

Skal det haldast synfaring, skal partane og andre med særskilt interesse i saka varslast med rimeleg frist om tid og stad.

§ 7. (førebuing av saker for fylkeslandbruksstyret)

Handsaminga i fylkeslandbruksstyra skal gjerast på grunnlag av saksutgreiing og framlegg til vedtak frå fylkesmannen. Fylkesmannen har rett til å leggja fram saker, og han må gje saksutgreiing og koma med framlegg til vedtak der styra av eige tiltak gjer vedtak om at ei sak skal fremjast.

Der det ikkje er fastsett anna føresegn skal saker som gjeld lokale tilhøve leggjast fram for kommunen før fylkeslandbruksstyret gjer vedtak i saka.

Fylkesmannen og dei han vel har rett til å vera til stades under møta. Dei som møter kan ta med seg den eller dei tilsette som har med slike saker å gjera. Dei tilsette har elles plikt til å vera med i møta dersom dei vert bedne om det.

§ 8. (avgjerdsrett m.v. til fylkesmannen)

Der det ikkje er grunn til anna, skal fylkeslandbruksstyra gje fylkesmannen fullmakt til å ta avgjerd og gje fråsegn i saker der det er gjeve løyve til det.

§ 9. (ikraftsetjing)

Denne forskrift trer i kraft straks.

Forskrift for fylkeslandbruksstyra og landbruksnemndene fastsett av Landbruksdepartementet 2. januar 1989 nr. 145 vert samstundes sett ut av kraft for fylkeslandbruksstyra sin del. For landbruksnemndene sin del vert dei sett ut av kraft 1. januar 1994.

Databasen sist oppdatert 18. okt 2006